

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	<b>Måndag 07.11.22 SU kl. 18:00-20:00</b>	Stad:	<b>Landro skule</b>
------------	-----------------------------------------------	-------	---------------------

### Desse var kalla inn:

Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU
Thomas Sekkingstad	Foreldrerådet, nestleiar FAU (meldt avbod)
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Hege Misje	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

### Sak nr.

<b>1-22/23</b>	<b>Konstituering av SU og møteplan 2022-2023:</b>  Leiar: Anette Johansen Arslan Nestleiar: Lisbeth Kvalheim  Vi gjennomfører SU/SMU-møta tysdagar klokka 18:00-20:00 etter denne planen: <ul style="list-style-type: none"><li>• 07.11.22 SU-møte</li><li>• 24.01.23 SMU/SU-møte</li><li>• 14.03.23 SU-møte</li><li>• 25.04.23 SMU/SU-møte</li></ul> Annakvart møte blir ein kombinasjon av møte i skulemiljøutvalet og samarbeidsutvalet. Rektor sender innkalling til møtedeltakarane.
<b>2-22/23</b>	<b>Saker frå FAU:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Spørsmål om 1. klasse skal lage ny/sin eigen 17. mai-fane? Vi har fokus på gjenbruk av faner, så det er ikkje naudsynt for 1. trinn å lage ny fane. Vi har 17. mai-faner til alle trinn.</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• FAU kjem med spørsmål om kostnader ved leige av gymsal til t.d. bursdagsferingar? Skulen har utleige av gymsal for familiar med tilknytning til Landro skule. Booking er via portalen Aktiv kommune Øygarden. Det er riktig at det politisk er vedteke eit gebyrregulativ som seier at vi skal ta kroner 500,- for utleige av skulebygg knytt til arrangement som bursdagsselskap (med verknad frå 01.01.23). Her er vidare avklart at det etter vurdering frå skule/rektor kan gjerast unntak frå gebyrregulativet knytt til foreldre med dårleg økonomi (bruk av skjønn). SU er einige om at det uheldig å ha kostnadar knytt til utleige av gymsal til elevar/føresette. Det er mange som ønskjer å leige gymsal, og det gjer det mogleg å samarbeide om bursdagsferingar på trinnet. Vi er i ein spesiell tid med tanke på høge kostnadar knytt til straum, matvarer og renteauke. Vi veit at barnefattigdom er ei problemstilling vi må ta omsyn til. Det vil vere vanskeleg å vurdere kven som skal få leige kostnadsfritt. Dette er ei sak som SU kjem til å ha vidare fokus på i tida som kjem.</li> <li>• FAU har arrangert Halloween disco for elevane. Arrangementet var vellukka, og det var gode tilbakemeldingar på arrangementet frå takknemlege elevar.</li> <li>• Neste FAU arrangement blir 21.11.22. Arrangementet er endra frå bingo til quiz- og spelkveld.</li> <li>• FAU stilte spørsmål om skulen tek omsyn til ulike allergiar når dei har arrangement i skulen sin regi? Svaret er ja.</li> </ul>
<b>3-22/23</b>	<p><b>Saker frå skulen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulen markerte Refleksdagen 20. oktober. Det vart delt ut refleksar til elevane. Klassane vil på ulike måter ha fokus på refleksbruk og trafikktryggleik.</li> <li>• Det blir gjennomført juleavslutningar for klassane. 1.-4. trinn vil ha deler av juleavslutninga samla, før dei går til klasseromma. 5.-7. trinn vil ha juleavslutning klassevis/trinnvis. Det vil bli sendt ut invitasjon til arrangementa.</li> <li>• Rektor informerte SU litt om status på skulen. Det har vore ein travel haust. Dei tilsette jobbar med å gi elevane våre gode skuledagar, både med tanke på fagleg læring og sosial læring. Vi har ein høg andel elevar som krev tilrettelegging og ulike tiltak for å klare skulekvardagen sin. Dette krev mykje av dei tilsette, men det blir jobba hardt og godt for å gi elevane det dei treng.</li> <li>• Skulen ønskjer innspel frå FAU med tanke på kva som kan vere aktuell temakveld som vi kan samarbeide om. «Saman på nett» kan vere aktuell problemstilling å jobbe vidare med. Barneskulane som soknar til Tranevågen ungdomsskule skal ha eit arbeidsmøte for å drøfte dette temaet.</li> </ul>
<b>4-22/23</b>	<p><b>Saker og oppdatering frå elevrådet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingvild infomerer som elevrådskontakt. Elevrådet samarbeidar med Aktiv glede. Viktig at elevane får delta på positive leikar og aktivitetar ute i friminutta.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane i elevrådet er ein positiv gjeng som tek med seg aktuelle saker til elevrådsmøta. Her er gode drøftingar, og elevane som deltek orienterer klassen sin i etterkant av møta.</li> <li>• Ønskje om innkjøp av utstyr til bruk i friminutta kjem det alltid mange forslag om. Skulen kjøpar inn utstyr med jamne mellomrom, og FAU har av og til bidratt med litt pengar til innkjøp av ballar og liknande.</li> <li>• Det kjem spørsmål om FAU kan bidra med midlar til innkjøp av Aktiv glede vestar? Vi ønskjer å trykke på skulen sin eigen Aktiv glede logo på vestane.</li> <li>• Elevrådet vil ha ulike fokus framover. Det blir nemnt temaveke og turnering.</li> </ul>
<b>5-22/23</b>	<p><b>Plan for framtidias skule – sjå meg:</b>  Vi avslutta SU-møtet med å ha litt fokus på ein plan vi skal gjere oss godt kjende med i tida som kjem: plan for framtidias skule – sjå meg!  Planen er eit styringsdokument for skulane i Øygarden kommune. Den skal gi retning for arbeidet med kvalitetsutvikling og samhandling på alle nivå i skulen, frå skuleeigar til elevar og foreldre.</p>
<p><i>Referent:</i>  <i>Anita Vabø</i>  <i>Rektor</i></p>	